

36.5

DET NORSKE TEATRET






Restaurant
FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie
Le Rendez-Vous de Gourmets
Vis-à-vis
Nationaltheatret*

C15g M8618



„... så byder mig en stemme”

mimodrama i to avdelingar av
Henryk Tomaszewski, bygd på
Ibsens «Brand» og «Peer Gynt»

musikk:

Juliusz Luciuk

scenografi:

Helge Hoff

regiassistent:

Ola B. Johannessen

koreografi og regi:

Henryk Tomaszewski

inspisient:

Krzysztof Seliga

SESONGEN 1967/68

billettar får De øg kjøpt i Narvesens kiosker.




Henrik Ibsen


„... så byder mig en stemme”

Som tittel på den uvanlege Ibsenframsyninga Det Norske Teatret no gjev, har vi valt siste delen av den første dramatiske verselina i Ibsens samla produksjon: «Jeg må! Jeg må! så byder mig en stemme» (Catilina). Dette nøkkelordet i Ibsens dikting, er i «Brand» det altdominerande hovudmotivet, men indirekte også i «Peer Gynt», med motsett forteikn, så å seia.

Då teatret bad Henryk Tomaszewski om å laga ei pantomimeframsyning av «Peer Gynt», kom Tomaszewski med eit motframlegg: han ville gjerne laga ei framsyning, bygd både på «Peer Gynt» og «Brand», med dei same aktørar i hovudrollene, og med Brand og Peer set opp mot einannan som kontrastar, to reindyrka sider ved den menneskelege natur. Det var ein djerv og spanande idé, og teatret greip han med glede. Så vidt vi veit er det også første gong i teatersoga at eit samanhengande pantomimeprogram fyller ein heil teaterkveld.

For oss står Peer Gynt og Brand som urbilete på to motsette drag i norsk folkekarakter. Men dei har begge (sjølvsagt) det ålmenmenneskelege djupperspektiv som gjer dei universelle. At dei denne gongen, sett med Tomaszewskis skapande teaterfantasi, får sterke polske drag, bør vera ei interessant understrekning av det universelle og unnaturalistiske både i karakterskildring og konfliktopplegg.





Henryk Tomaszewski

„Brand” og „Peer Gynt” som rørsleteater

Kvar gong eg skal forme ein pantomime, byrjar eg heilt på nytt, slik intuisjonen fører meg inn i temaet.

Såleis tok eg òg fatt på «Brand» og «Peer Gynt». Da eg las dei to stykka, såg eg for meg biletene som eg sidan forma om til rørsler, og som no utgjer denne framsyninga.

Her prøvde eg å skapa ein syntese av den reine tankeverda i diktverket og den litterær-dramaturgiske handlinga i det.

Skapinga av ei framsyning har eit konkret rom: scenen, ei konkret tid og konkrete utøvarar: aktørane. Alt det andre er ei eingongs-verd som blir skapt i spenning og spel mellom høgt og lågt, privat og historisk, patos og kvardag.

Det sentrale tema finn eg i den striden som livet er: striden med omverda og striden med seg sjølv.

Målet er å gi uttrykk for den vedvarande handling, som skal syne seg i ei samanfletting av tradisjon og metaforisk teiknspråk.


Det som greip meg her, var det symbolske mimo-drama, og ei romantisk-episk biletrekke – tragediens klassiske byggverk med klare konturar og naken armod, og eit eventyrs leikande, fargerike illusionisme.

Den strenge rørsla som strid for ein idé, og draum som vildring i flukt og tåke – i begge tilfelle ei verd der mennesket er innestengt og uendeleig.

Enden på ein pantomime kan berre vera døden (slutt på rørslene) eller ein overgang til nye rørsler – og dermed ei kjensle av endeløyse.

Henryk Tomaszewski

En forfriskende pause



Autorisert tapperi:

Jarlsberg Mineralvann A/S

rørslepoeten ...

«Something seen instructs more
than something heard.»
«The father of the theatre
was a dancer.»

GORDON CRAIG

Seinhaustes 1956 gjekk den første pantomimiske fram-
syninga over tilet på Wroclaw Pantomimeteater i Polen.
Det var ei teaterhistorisk hending.

11 år seinare hender det noko som òg blir notert i teater-
historia: den første heilkveld-pantomimeframsyning får sin
urpremière – på Det Norske Teatret i Oslo. Desse fram-
syningane har det sams at ein og same mannen har laga
dei. Hans namn er Henryk Tomaszewski.

I dag står polakken Henryk Tomaszewski som den
sentrale fornyaren av pantomimekunsten. Han er utdana
skodespelar og dansar ved operaen i den polske kulturbyen
Krakow, men det var som solist ved operaen i Wroclaw
han laga sine første pantomimiske arbeid. I 1955 var han
med i ei pantomime-tevling i Warszawa og fekk sòlv-
medalje.

Det var likevel ikkje fullnøyande for kunstnaren Tomaszewski å utfalte seg som mime-solist. Draumen hans var –
og er – å arbeide fram ei scenisk uttrykksform som femner
vidare og djupare enn det tradisjonelle teatret, ei uttrykks-
form som kan gje eit rettare og sannare bilet av den
menneskelege stoda i det 20. hundreåret. Gjennom ei
integrering av rørsle og plastisk uttrykk er han i ferd med
å skapa ein ny metafysikk som er før til å overskride dei
grensene som omgjerdar ord-teatret.

Difor fekk Tomaszewski alt same året i stand eit
ensemble, ei gruppe av unge og oppglødde menneske.
Første framsyninga på det nystarta Wroclaw Pantomime-
teater i november 1956 la for dagen at Tomaszewski hadde
rett. Gjennombrotet for ensemblet kom året etter, først i
den polske hovudstaden og så i Moskva. Russarane heidra
framsyninga med ei gullmedalje. Same heidring fekk
Tomaszewski sjølv for innsatsen sin som instruktør, koreo-

graf og pantomimikar. Sidan har Wroclaw Pantomime-teater teke Europa med storm. (Ensemblet gjesta Oslo med ei ugløymane oppsetjing i 1963.) På Théâtre des Nations i Paris vann teatret to førsteprisar i 1964, og vinteren 1964/65 vann polakkane Amerika for kunsten sin.

Dei siste tre åra har Tomaszewski ikkje stått på scenen sjølv som pantomimikar. Han har ofra seg heilt og fullt for koreografi og instruksjon, og typisk nok arbeider han i dag med to ensemble: det eine i Wroclaw, det andre her på Det Norske Teatret der han no gjer si fjerde oppsetjing.

Det byrja med den pantomimiske koreografien i oppsetjinga vår av O'Neill «Keisar Jones» (1964). Året etter gjesteinstruerte han i Franz Kafkas «Prosessen» og hadde med det sin første instruksjon for taleteatret. Barrault/Gides tekst var utdjupa på ein ny og uvanleg måte gjennom den sterke bruken av ekspressive pantomimiske uttrykksmiddel. I fjor haust var det ei heilkveld-oppsetjing samansett av tre mimodrama som vart oppførte under tittelen «Kjærleikshagen». Og no «Brand» og «Peer Gynt» på ein ny og uortodoks måte.

Med denne framsyninga er det såleis etablert ein pantomimetradisjon på Det Norske Teatret – som det første i Skandinavia. Kvar gong Tomaszewski har gjesta Oslo, har han hatt klassar i pantomimens vanskelege kunst. I hans fråvære har Ola B. Johannessen stått for treninga (han har studert pantomime med stipend ved Wroclaw Pantomimeteatret).

— Kvifor vender Tomaszewski så stendig tilbake til Oslo? Og kvifor vrakar han freistande tilbod om gjestespel i europeiske hovudstader for å få tid til minst ei oppsetjing i sesongen i Stortingsgata?

— Den store interessa hos aktørane i det norske ensemblet opnar stendig nye vegar, seier Tomaszewski.

— Det gjer at eg blir freista til å prøve laga om store litterær-dramatiske verk for pantomime, t. d. Ibsens arbeid. Dessutan er nye oppsetjingar alltid eit korrektiv for dansarane, strekar han under.

— Når Tomaszewski tek for seg «Brand» og «Peer Gynt» på sin måte, freistar han ráke tanken som ligg attom

Framhald side 25.



Nina Sundbye sitt inntrykk frå Dovregubbens hall.

1917 - 1967



MØLLERGT. 16 - OSLO 1
TLF. 42 09 46



LIVSTTRYGDELAGET
ANDVAKE

**TRYGD
IBY OG
BYGD**

Walter Jacobsen a.s.
MODELL KONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368
Forretningen med det gode utvalg
i kåper, kjoler og drakter.

BONDERNES BANK

Hovedkontor: EGERTORGET - OSLO

Filialer: Grønland 24, Økern Torgvei 1, Oslo

**hjelper Dem gjerne med alle bankforretninger
i Norge og i utlandet**



Kostumeskisse til
Aslak Smed.

scenografen
Helge Hoff

som har laga scenebilete og kostyme til denne framsyninga, har tidlegare òg samarbeidt med Henryk Tomaszewski. Han laga dekor og kostyme til mimodramaet «Bagasjen», ein av dei tre delane av pantomimeframsyninga i fjar.

Helge Hoff har studert på Kunstakademiet i Krakow. No er han teatermålar på Rogaland Teater.

LIVSTRYGDING – PENSJONSTRYGDING

GJENSI~~DIGE~~

Eldste livstrygdelaget i Noreg

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 421830

Syn og Segn

**Det største allmenne tidsskriftet i landet
Stadig i framgang, opplag i dag: 16 000**

10 hefte i året à 64 sider. Årspengar kr. 30,00, for studentar og skoleelevar kr 22,00 ved tinging direkte til forlaget. 10-årstinging kr 250,00. Tidsskriftet kan tingast for kalenderåret eller skoleåret. Postgiro 87 02, bankgiro 1710.06.00757. Laussal kr 3,50.

Det Norske Samlaget

Rosenkrantz' gate 3, Oslo 1. Tlf. 33 26 70.

Moderne damer

foretrekker raffinerte klær. Både ung og gammel vil hos oss finne et godt utvalg i

Kjoler - strømper - undertøy etc.

Kle dem riktig — det er viktig!

HELNOR Ruseløkkvn. 50 (Cort Adlers pl.) Oslo. Tlf. 411406



Bibelscenen i Brand: Fra v. Ola B. Johannessen, Fernanda Smith, Guri Lysell og Roy Lundquist (med ryggen til).

LYTT TIL
Norsk folkemusikk

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketoner i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på



grammofon-
plater

I samarbeid med Norsk Riksringkasting.

Til salgs hos musikkhandlerne.

banken
husker
for
Dem ...

snakk med



DAN

BERGENS PRIVATBANK



Brand: Ola B. Johannessen.

„... så byder mig en stemme”

mimodrama i to avdelingar av Henryk Tomaszewski, bygd
på Henrik Ibsens «Brand» og «Peer Gynt».

musikk:	Juliusz Luciuk
scenografi:	Helge Hoff
kostyme utførte av:	Randi Skahjem
lys:	Kari Borg
regiassistent:	Ola B. Johannessen
koreografi og regi:	Henryk Tomaszewski
inspiserent:	Krzysztof Seliga

I. a v d e l i n g « B R A N D »

Regissøren	Bernt Erik Larssen
Musen	Eva Sletto
Brand, ein prest	Ola B. Johannessen
Agnes, kona hans	Guri Lysell
Alf, sonen deira	Roy Lundquist
Brands mor	Fernanda Smith
Gerd	Mette Marit Sem
Ein mann av folket	Birger Thurn-Paulsen
Futen	Nils Ole Oftebro
Doktoren	Torgeir Fonnlid
Fattig-kona	Inger Heldal
Den usynlege	Erland Blakstad
Prosten	Bernt Erik Larssen

Dessutan: Inger Brand, Vigdis Bøhmer, Unni Evjen,
Turid Grotterud, Unni Rolandsen, Bjørg Wigels,
Hans-Petter Harboe, Anders Lien, Halvor
Lydvo, Aril Martinsen, Bjørn Skjefstad, Per
Skjølsvik.

20 min. PAUSE!

II. avdeling: «PEER GYNT»

Regissøren	Bernt Erik Larssen
Musen	Eva Sletto
«Naturen»	Erland Blakstad
Peer	Ola B. Johannessen
Mor Aase	Fernanda Smith
Aslak Smed	Torgeir Fonnlid
Solveig	Guri Lysell
Brura	Unni Evjen
Brudgommen	Nils Ole Oftebro
Den grønkledde	Mette Marit Sem
Tre seter-jenter	Vigdis Bøhmer Bjørg Wigels
	Turid Grotterud
Troll	Erland Blakstad Torgeir Fonnlid Roy Lundquist Birger Thurn-Paulsen
	Per Skjølsvik Bjørn Skjefstad Nils Ole Oftebro
Bøygen	Erland Blakstad
Rekrutten	Roy Lundquist
Militær-kommisjonen	Bernt Erik Larssen Per Skjølsvik Torgeir Fonnlid Halvor Lydvo
	Aril Martinsen
St. Peter } Døden } Ein matros	Erland Blakstad Birger Thurn-Paulsen
To araber-jenter	Guri Lysell Turid Grotterud
	Bernt Erik Larssen
Slavehandlaren	Birger Thurn-Paulsen
To tjuvar	Bjørn Skjefstad Per Skjølsvik
	Mette Marit Sem
Politimannen	
Anitra	



Mor Aase dør: Ola B. Johannessen som Peer, Fernanda Smith som Mor Aase.

Begriffenfeldt, kårehus-
direktør Nils Ole Oftebro
Ein prest Bernt Erik Larssen

Dessutan: Inger Brand, Inger Heldal, Unni Rolandsen,
Hans-Petter Harboe, Anders Lien.

Speltid: 2 timer 15 minutt.

komponisten
Juliusz Luciuk



har fleire gonger tidlegare samarbeidt med Henryk Tomaszewski ved Wroclaw Pantomimeteater. Han skreiv musikken til mimodramaet «Kjolen» som vart vist i fjor haust i pantomimeframsyningen «Kjærleikshagen» på Det Norske Teatret. Han er den tredje komponisten som sett musikk til Peer Gynt og den første som har sett musikk til Brand.

Luciuk har fått ein komponistpris. Med polsk stipend har han studert musikk hos Boulanger og Max Deutsch i Paris.

DET ER DUBONNET-TID



- alltid like anvendelig.
- en fullt ferdig cocktail

DUBONNET

Frankrikes verdensberømte druevin —

MEN SERVER DEN AVKJØLET

DUBONNET

**for DEM som
foretrekker
furumøbler ...**

PeiseStua

J. ERIKSEN A/S FILIAL

Bernt Ankers gate 17 (hj. Møllergr.) — Tlf. 20 37 00

GODE PARKERINGSFORHOLD



Over: Erland Blakstad som «Naturen». Under: Rekrutten hos militærkommisjonen.



*Nyere norsk og utenlandsk
kunst — Antikviteter
Afrikansk kunst etc.*

Smykker

LILLE GALLERI

Bygdøy allé 35. Tlf. 44 84 30
Åpent: Tirsd.—fred. 12—19

Lørd. 12—16. Sønd./mand. stengt

SEØETV

UTEN Å KJØPE

DE KAN HELLER LEIE TV

for mindre enn kr. 2,— pr. dag. For
kr. 58,— pr. måned i min. 12 mndr.
får De gratis Oslo-antenne, garantert
fri service, gratis reparasjoner i hele
leietiden.

5 ÅRS GARANTI

Trygde-luflaget
Eidsvoll

Haakon VII's gate 2, Oslo 1. Telefon 415900

FØRST LEIE — SIDEN EIE — ET PIANO

Først leier De hos oss et moderne piano. I leieperioden finner
De ut om De virkelig har behov for et piano. I så tilfelle kan
De hos Grøndahl i Øvre Slottsgate velge ut den type piano De
senere vil eie. Leiepianoet fjernes — Deres nye piano leveres.
Hele leien fratrekkes. — Ring om brosjyre: 42 15 34.

UNIVERSAL UTLEIE A/S — Kirkegt. 2 — Oslo.



Peer i dårhuset.

En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg.


RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 202049

En god
SIGAR

Først
blant de
beste



Eneimportør: Gunnar Stenberg A/S

WILLEM II

Vi fortsetter med våre populære
SKJØNNHETSKURS
som varer i 3 timer og holdes
daglig kl. 11.30–14.30 og kl. 17.30–20.30. Påmelding tlf. 20 17 57

Germaine Monteil

Karins

Cosmetic Center, Fr. Nansens pl. 6

diktverka før orda vart fødde. Framsyninga blir ein freistnad på å framstelle grunnidéen i verka gjennom rørsle. Og når hovudrollene i begge Ibsen-stykka blir tolka av same aktørar gjennom ei framsyning, då er det nett fordi dei, trass i kontrastane, har noko sams. Både Brand og Peer søker etter noko absolutt. Brand går rakt på, Peer går utanom. Brand blir ei visualisering av det som hender på det indre plan, og rørslemønsteret blir derfor ein spiral som går inn mot eit scenisk sentrum der det blir redusert til små, abrupte, innettervende rørsler. Scenebiletet er kaldt, strengt, kostyma likeeins. Det skildrar samstundes den kalde konsekvensen i Brands krav, og personlegdomen hans. Dekoren er spartansk og fragmentarisk.

Peer Gynt derimot er illusionisten. Han blir ei visualisering av den poetiske realismen og forvandlinga. Rørslemønsteret syner ein stor sirkel der byrjing og slutt er same punktet, og der det blir mima utettervendt i ein fargerik dekor og med fargesprakande kostyme.

Det uvande med ei framsyning som denne er at ho må atterfødast i kvar oppsetjing. Rørla må formast til eit mønster, grupperingane i ensemblet blir levandegjort gjennom plastikk og rytmikk, fortetta spaning og atmosfære. Typisk nok er sluttsekvensen i «Peer Gynt» skapt berre ei veke føre premieren.

I si form og sitt innhald bør pantomimeteater vera knytt til ålmenmenneskelege aspekt som gjer at tilskodaren kan identifisere seg med det som hender på scenen. Såleis sett er Tomaszewskis framsyning open, fordi ho gjev spelerom for kva tolking som helst. Tilskodaren er sjølv medskapande i framsyninga. Ytinga, tilskotet frå kvar einskild av publikum blir derfor det viktigaste. Tomaszewskis visuelle rørslepoesi er Dykkar opplevingsmateriale i kveld. Ver så god, bruk det!

Thorstein Hoff

Tegn Deres livsforsikring i

GLITNE

DET er virkelig livskunst

Norsk Skilt-Gravering A/S

Disponent Bjørn Nilsen

OSLO — Pilestredet 43 — Telefon 60 62 15

*Spesialverksted for alle slags graverte skilter
Fasadeskilter og lysarrangementer*

OSLO FYLKESLAG

i Noregs Ungdomslag

Heim for landsungdom

Lagskontor. Ynskjer du opplysninger om bygdelaga i Oslo,
ring telefon 20 38 20 og 20 38 03. Kaffistova og heime-
buarane telefon 20 07 04.

Spesialforretning i TV - radio

**Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør
det lettere å finne apparater som passer**

GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder

NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S

Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37

Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 28 03 12





Over: Brand og Gerd – Ola B. Johannessen og Mette Marit Sem.

Under: Peer og Solveig – Ola B. Johannessen og Guri Lysell.

S. BRUUN & S

Nils Juelsgr. 27

Telefon 440384

*Lamper — Skjermer
Elektriske apparater m. m.*

Alltjenst Rengjøringsbyrå

TELEFON 41 20 31

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

Rydding av loft og kjeller — Faste oppdrag mottas

ER DE INTERESSERT i engelske antikviteter?

HOS MEG finner De koselige og rimelige presanger
i engelsk porselen - platt - kobber - messing m. m.

ANTIKKHULEN

DAAESGT. 12 (inng. Prof. Dahlsgr.) - TLF. 44 29 23, kl. 11—15


THAU



NYTT TEATER

Det Norske Teatret ynskjer publikum vel møtt i nytt lokale: ABC-teatret på St. Olavs plass. Vi vil i vekene framover prøve å gjera salong og foyer til eit miljø der ungdom møtest for å oppleva teater, skapt av annan ungdom; forfattarar, instruktørar, skodespelarar, komponistar, dekor- og kostymearistar. Det er eit nytt tiltak, og føremålet med det er å aktivisere. Vi vil prøve å få fram i rampelyset det som måtte finnast av latente evner – gje dei eit forum dei kan utfalde seg i, slik at norsk teater på lengre sikt kan få ei vitamin-innsprøyting av ung kraft og fantasi. Men skal tiltaket lykkast, må publikum spela med. Vi vil prøve å aktivisere den trong til kunst- og teateroppleveling dei aller fleste unge har i seg, og kanskje hos mange skapa eit varig behov for slik oppleveling.

Vel møtt i det nye teatret.

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Tomm W. Knoph". The signature is fluid and cursive, with a large, stylized initial 'T' on the left.



Kos Dem med et hyggelig håndarbeide

Pynt opp med vakre broderier. De bringer
naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

Begynn med brodering, en kongelig hobby

RANDI MANGEN & CO.

SPESIALFORRETNING I BRODERIER

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til

B. Bogens Parkettsliperi

Chr. Michelsensgt. 21 — Telefon 37 60 26

Førsteklasses arbeide garanteres

Godt utvalg i dame- og herreskotøy

Valkyrien Skotøymagasin A.s

Valkyriegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

Gå til „Sofie“

i Skippergt. 44

Best og billigst i trikotasje og manufaktur

Nationalteatret

Hovedscenen:

«BALL I DEN BORGERLIGE»

av

Ernst Bruun Olsen/Finn Savery

Regi: Arne Thomas Olsen i

samarbeid med Randi Baalsrud

Musikalsk leder:

Kjell Bækkelund

Dekorasjoner: Per Schwab

«BALANSEGANG»

av Edward Albee

Regi: Arild Brinchmann

Dekorasjoner: Guy Krohg

«TRE SØSTRE»

av Anton Tsjekov

Regi: Gerhard Knoop

Dekorasjoner: Guy Krohg

Kostymer: Lita Prahls

A m f i s c e n e n :

«OPPBEVARES TETT

LUKKET PÅ ET TØRT OG
KJØLIG STED»

av Megan Terry

Regi: Magne Bleness

Dekorasjoner: Per Schwab

«SANGEN OM UTYSKET»

av Peter Weiss

Regi: Edith Roger

Dekorasjoner: Guy Krohg

Den Norske Opera

«LA TRAVIATA»

Opera av G. Verdi

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Zdenko Peharda

Dekor og kostymer:

Birger Bergling

«AIDA»

Opera av G. Verdi

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Arvid Fladmoen

Dekor og kostymer:

Per Schwab

Koreografi:

Sonia Arova/Gerd Kjølaas

Oslo Nye Teater

«KAKTUSBLOMSTEN»

Lystspill av Pierre Barrilet og
Jean-Pierre Grédy

Regi: Jon Lennart Mjøen

I hovedrollene: Wenche Foss
og Toralv Maurstad

«DE TRE MUSKETERER»

Dramatisering etter
Alexander Dumas' roman
av Roger Planchon

Regi:

Jacques Rosner/Roger Planchon

Première i begynnelsen
av oktober

B a r n e t e a t r e t

i Folketeaterbygningen

«LILLE LABAN SPØKELSE»

Barnekomedie av

Inger og Lasse Sandberg

Regi: Barthold Halle

D u k k e t e a t r e t

i Bymuseet, Frogner

«MIKKO-MATTI

OG VENNENE HANS»

Av Willie Nordraa

Regi: Guri Ludt

På spelpplanen

Hovudscenen:

«MEDMENNESKE»

av Olav Duun

Instruktør: Finn Kvalem

Dekor: Gunnar Alme

«... SÅ BYDER MIG EN STEMME»

«Brand» og «Peer Gynt» som pantomime

Koreografi og innstudering: Henryk Tomaszewski

Dekor og kostyme: Helge Hoff

«EIN SELJARS DØD»

av Arthur Miller

Instruktør: Pål Skjønberg

Dekor: Snorre Tindberg

Première: 30. oktober

for barna:

«KONGSDØTRENE I BERGET DET BLÅ»

av Peter Nissen

Musikk: Melvin Simonsen

Instruktør: Rolf Sand

Koreografi: Rolf Daleeng

Dekor: Snorre Tindberg

A B C - Teatret:

«KNEKK»

Ein makabaret av Olav Angell, Espen Haavardsholm,

Tor Obrestad, Dag Solstad og Einar Økland

Musikk: Egil Kapstad

Instruktør: Gudrun Waadeland/Svein Erik Brodal

Dekor: Snorre Tindberg

«IDUN»

av Marie Takvam

Instruktør: Siri Rom

Première: 18. oktober

for barna:

«RYDDEMUS OG ROTEMUS»

Barnetime med Kirsten Langbo

På turné:

«APROPOS DET, JA»

Mini-revy med Sølvi Wang og Leif Juster

Kapellmeister: Egil Monn Iversen

Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

Medlem av Norsk Blomstertelegraf

Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser

GRILLstova

Særs god mat til rimelege prisar. Internasjonalt kjøken og norske spesialitetar. Alkoholfrie vinar. Servering ved borda. Koseleg, intim stove.

Midt i sentrum: Rosenkrantzgt. 8, 1. høgda, 100 m opp frå Karl Johan.

Ope kl. 9—23. Sundag kl. 12—18.45.

BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO



kaffistovene

har sjølvtening og mykje god mat

Rosenkrantzgt. 8 — Karl Johansgt. 13
Kr. Augustsgt. 14 — Stortg. 28

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,
livdyr, ull, huder og skinn

12 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 120 000 medlemmer

